

Skjøtselsplan for Vestre Saltstein, Jomfruland

Skjøtsel av naturbeite og strandnært kratt,
omsyn til kulturminne og kanalisering av ferdsel



UTARBEIDA AV: Kulturlandskapsenteret i Telemark

OPPDRAGSGJEVAR: Styret for Jomfruland Nasjonalpark

LITTERATURREFERANSE: Garnås, Ingvill 2018. Skjøtselsplan Vestre Saltstein, Jomfruland.

 **Kulturlandskapsenteret**

Foto på framsida er teke av Ingvill Garnås. Der ikkje anna er nemnt i fototekst er også andre foto i rapporten teke av Ingvill Garnås.

Innhald

Føreord.....	3
GENERELL DEL	4
Naturbeitemark.....	4
Bakgrunn, kjenneteikn og artsmangfald	4
Utbreiing og trugsmål.....	4
Skjøtsel/ «Beiteregime»	5
Restaurering	5
Generelt om beitedyr og beitemønster	6
SPESIELL DEL – Skildring av tilstand og framlegg til tiltak	8
Innleiing.....	8
Omsyn og prioriteringar	11
Tradisjonell drift og noverande tilstand.....	11
Aktuelle erfaringar og observasjonar (lokalkunnskap)	12
Artsmangfald og eventuelle observerte endringar	13
Evaluering/vurdering av skjøtselen [for revidering av skj.pl].....	14
Mål for lokaliteten.....	15
Restaureringstiltak/Eingongstiltak	16
Skjøtselstiltak (regelmessige tiltak).....	17
Oppfylgning av skjøtelsesplanen	19
Foto	20
.....	28
Kjelder	30
Vedlegg.....	31
Oppføring i Naturbase.....	31
Artsliste 2018.....	33
Tiltakslogg, tiltakshavar sine notater	34
Overvakinglogg, tiltakshavar sine notater	35

Føreord

Forvaltingsplan for Jomfruland Nasjonalpark (høyringsframlegg juni 2018) har klarlagt trongen for meir detaljerte skjøtselsplanar innanfor ulike naturtypar og delområde på øya. Denne skjøtselsplanen fylgjer opp føringane som er lagt for Vestre Saltstein. Lokaliteten omfattar både naturbeite og strandnært kratt, samt noko rullesteinstrand. Av praktiske omsyn er det laga ein felles skjøtselsplan, der ein deler området inn i to. I den vestre delen er det lite kulturpåverka natur og strandkratt som skal prioriterast, i den auste delen er det naturbeitemarka som har fyrsteprioritet. Området omfattar også ein gamal tangplass, der det tidlegare blei lagt opp tanghaugar til gjødsel (Tangbukta).

Jomfruland er med i ordninga Utvalde kulturlandskap (2009), og delar av øya er også med i Jomfruland nasjonalpark (2016). Natur- og kulturminneverdiane på øya er i stor grad kopla til kulturlandskap og landbruksverksemd, både historisk sett og i dag. Det er såleis viktig at skjøtselsplanen blir sett i samanheng med Beiteplan for Jomfruland utarbeida av Norsk Landbruksrådgivning Østafjells i 2017. Beiteplanen har gjennomtenkte og konkrete framlegg til beiteinndelingar, og omtalar reparasjon, utskiftingar og komplettering av gjerdesystemet på øya. Praktiske framlegg og budsjett med omsyn til gjerdetiltak er lista opp der. I tillegg er det laga eit framlegg til beiterækkefylgje for dei besetningane som er på øya allereie. Det er få aktørar som driv med husdyrhald på øya per i dag, og det er viktig at desse blir teke omsyn til.

Arbeidet har, i tillegg til sjølve planskrivinga, omfatta synfaring og møte med nasjonalparkforvaltar Morten Johannessen og Viggo Nicolaysen frå nasjonalparkstyret og styret for Utvalde kulturlandskap på Jomfruland og Stråholmen. Det er også konferert per e-post med Knut Volland frå Landbruksrådgivningen Østafjells.

Hjartdal 22.10.2018

Ingvill Garnås

GENERELL DEL

Naturbeitemark

Bakgrunn, kjenneteikn og artsmangfald

Naturbeitemark er grasmark der det har vore ein langvarig hevd i form av husdyrbeite. Til skilnad frå kulturbeite er naturbeitemark ikkje, eller eventuelt berre i veldig liten grad, gjødsla, pløgd eller tilsådd. Naturtypen førekjem i heile landet og finst i mange ulike utformingar. Den har generelt eit høgt mangfald av karplanter, sopp og virvellause dyr, og er viktig levestad for mange raudlista artar. Bruken av utmark til husdyrbeite var mykje vanlegare for 50-60 år sidan enn den er no, og naturbeitemark er såleis ei naturtype det blir stadig mindre av.

Vegetasjonen er lågvaksen og dominert av gras og urter. Buskar og tre manglar eller førekjem berre spreidd. Floraen består av artar som førekjem naturleg i området, og vil variere med markas innhald av næringsstoff og fuktigheit. Type hevd spelar også ei viktig rolle for artssamansetjinga, dvs. kva for husdyrslag som har beita/beiter der, beitetrykk og tidspunktet for beiting. I tillegg er det ein stor regional variasjon knytt til klimatiske skilnader (stor variasjon frå kyst til innland og frå lågland til fjell).

Forskjellar i kalkinnhald i grunnen gir også variasjon i artssamansetjinga både innan karplanter og sopp. Karplantemangfaldet er størst i naturbeitemark på kalkrik grunn i låglandet, der særleg kalktørrenger har eit høgt artsmangfald. Det same gjeld tørrbakkar i dalstrok på Austlandet. Artsrike naturbeite med høge førekomstar av raudlista soppartar finst både på kalkrik og kalkfattig grunn, men helst der det er ei lang beitehistorie.

Mange tidlegare slåttemarker blir no beita. Det har også vore vanleg å la dyr beite på slåttemark om våren og hausten. Det er derfor glidande overgangar mellom slåttemark og naturbeitemark, og typane har dei fleste artar sams. I naturbeitemark er det likevel vanlegvis fleire næringskrevjande og tråkktålande artar. Ho er ofte også meir tua og steinete enn slåttemark. Innslag av buskar, beitetolerante gras, samt giftige eller piggete artar er typisk.

Utbreiing og trugsmål

Naturbeitemark har ei stor utbreiing i Noregs land, frå kysten og til og med lågalpin sone. I dag er typen vanlegast i regionar med mykje husdyrhald, til dømes på Vestlandet, i øvre dalstrok på Austlandet og i Trøndelag. Det er særleg i dei artsrike områda rundt Oslofjorden, langs kysten i sør og i dalstrøk austafjells på kalkgrunn at ein finn artsrik naturbeitemark med mange raudlista karplanter. Viktige lokalitetar for raudlista soppartar finst mellom anna i sterkt oseaniske beite på Vestlandet (til dømes Bømlø), i Rogaland (på kalkgrunn i Rennesøy – Kvitsøy) og i høgareliggjande dalstrok i Sør-Noreg (Gudbrandsdalen – Oppdal).

Attgroing eller intensivt bruk er dei største trugsmåla for naturbeitemark. I sentrale jordbruksstrøk er omlegging til meir intensiv drift med gjødsling, sprøyting og oppdyrking til kornproduksjon og kunsteng typisk. I tillegg er typen utsatt for nedbygging.

Skjøtsel/ «Beiteregime»

Beste måten å skjøtte ei gamal artsrik naturbeitemark på, er å fylgje opp den tradisjonelle driftsforma med beiting og utan tilført gjødsel. Den tradisjonelle bruken har variert frå stad til stad avhengig av driftsform og husdyrslag. Det er viktig å finne ut kva for type beiting som har vore vanleg på den aktuelle lokaliteten eller i nærområdet frå gammalt av. Helst bør ein bruke dei same husdyrslaga og etterlikne beitetrykk og bruk av beitet gjennom sesongane.

Det er generelt viktig å være merksam på førekomsten av sjeldne artar og kva for «beiteregeime» som passar dei aktuelle artane; Sau og hest beiter meir selektivt enn storfe, og kan gjera stor skade i område som tidlegare har vore slåttemark eller storfebeite. Sau kan til dømes fort reinske eit område for orkidear! At sau og hest beiter meir selektivt enn storfe, gjer på den andre sida at dei også kan fremme spesielle artar som ikkje vil tåle overgang til storfebeiting.

Det er viktig at beitebelegget er tilpassa bereevna i området og føremålet med skjøtselen. Viss målet er å oppretthalde verdifull flora og eit høgt biologisk mangfald kan ikkje beitepresset vera alt for sterkt. Størst mangfald oppnår ein gjerne der beitebelegget er såpass moderat at ein får område med ulikt beitetrykk. For lågt beitetrykk fører på den andre sida til dårleg avbeiting, voksande strøsjikt, dominans av meir næringskrevjande artar og fortrenging av den lyskrevjande floraen.

Naturbeitet bør vera godt nedbeita når beitesesongen er slutt. Sambeiting eller vekselbeiting gir normalt god utnytting av beitet og til saman god skjøtselseffekt.

Restaurering

Når ein skal til å restaurere naturbeite som er i attgroing eller utvide eksisterande beiteareal er det viktig at ein ikkje set i gang med meir omfattande restaurering enn det ein greier å fylgje opp med skjøtsel i ettertid. Det kan vera lurt å dele det inn i delfelt og ta det stegvis over fleire sesongar. Slik blir det meir overkomeleg, og ein får også ei kjensle med kor mykje ein kan forvente å få gjennomført per sesong.

Hogst og grovrydding bør helst gå føre seg på frosen og gjerne bar mark, dette for å unngå skader på undervegetasjon og samstundes få så låge stubbar som mogleg. Mindre buskar og oppslag kan gjerne ryddast på sommaren når det er tørt og mykje av biomassen er samla i bladverket (reducerer ryddingsgjødslinga av rotnande røter).

I naturbeite der det ikkje har stått tre er det ikkje noko poeng å setja att noko særleg med tre. Eventuelt gamle styvingstre må vel og merke sparast. Eitt og anna lauvtre med fin og vid krone kan også få stå. Set gjerne att selje for humlene om våren og fruktberande tre til fuglar og andre dyr.

Etter hogst er det spesielt viktig at alt ryddeavfall, kvist, stubbar og liknande blir samla opp og brunne på eigna stader, og aller helst frakta ut av området. Ryddeavfall som ligg spreidd utover vil elles fort føre til ny dominans av konkurransesterk, rask- og storvaksen vegetasjon. Oppflising og spreining av flis i området er av same grunn ikkje tilrådeleg. Flisa må i tilfelle samlast opp og fraktast ut av området.

Gjødslingseffekten av rotnande røter vil saman med auka ljossinnstråling føre til ein del gjenvekst av konkurransesterke artar og lauvoppslag («renning»/ skot frå stubbar og røter). Dei fyrste beitesesongane etter hogst og rydding kan det såleis bli nødvendig å gå over området og rydde gjenvekst og lauvoppslag manuelt, litt avhengig av kor god jobb beitedyra gjer.

Problemartar som brennesle, mjøddurt, bringebær- og rosekratt og liknande går normalt ut etter nokon år med beiting, spesielt om området beitast av storfe. Der det berre er vår- og haustbeite med sau kan det derimot lett bli ståande att felt med problemartar. Da må ein til med manuell rydding, og biomassen må fjernast.

Ulike husdyrslag tek også lauvoppslag og buskar på ulikt vis. Gamle husdyrrasar som gamalnorsk sau / spelsau og geiter beiter det ofte godt ned. Det same gjeld einskilde rasar av ammekyr. Norsk kvit sau (NKS), norsk rødt fe (NRF) og hest beitar normalt lite på lauv, men kan gjera det om dei blir pressa til det.

Særleg ospa er ram til å setja skot frå røtene, og gjerne langt unna mor-treet. Av andre tre som set rotskot kan nemnast gråor, rogn, hassel, selje, dunbjørk, ask, alm og lind (NB: mykje ask på Jomfruland). Den sikraste måten å unngå renningar etter hogst av lauvtre, er ringborking eller stubbebehandling.

Ved ringborking fjernar ein inner- og ytterborken i ein ring (minst 5 cm brei) rundt stamma, nedanfor dei lågaste greinene. Det er viktig at snittet er så djupt at all borken forsvinn og transporten av næringsstoff stoppar opp. Etter to-tre år dør røtene, og treet vil gå ut utan å danne nye skot.

Stubbebehandling er ein annan måte å unngå renningar på, men inneber bruk av det giftige kjemiske middelet glyfosat. Dette er i utgangspunktet ikkje ein aktuell metode i verneområde/nasjonalparkar, med unntak av ved særskilde utfordringar og i samråd med forvaltinga. Det kan mellom anna øydelegge levekåra for sopprot (mykorrhiza), som er avgjerande til dømes for ein del orkidéartar.

Generelt om beitedyr og beitemønster

Dei ulike husdyrslaga har ulike beitemønster og preferansar for ulike plantevekstar. Generelt er det difor positivt at fleire husdyrslag beiter saman;

- Geiter foretrekk generelt lauv, og held buskar og tre nede.
- Sau har kløyvd overleppe, og kan lett sortere ut og nappe dei stråa og blada som dei likar best. På inngjerda område kan dei difor nesten utrydde planter som dei er særleg glad i. Dette er til dømes observert for enkelte orkidear. Artsrike slåtteeenger bør såleis helst ikkje skjøttast med sau. Etterbeite (etter slått) går vel og merke bra, også i artsrike enger. For øvrig beiter moderne sau mest urter og gras, medan gamle saueraser gjerne tek meir forveda vekstar, lyng og lauv, og dermed beiter meir som geiter.
- Storfe beiter helst gras-aktige planter, men tek også ein god del urter, lyng og lauv. Dei brukar tunga til å rive eller raspe av vegetasjonen. Dei får dermed ofte med seg mindre smakelege planter også, til dømes harde finnskjeggtustar (som straks blir spytt ut att).

- Hestar bit av beiteplantene, og kan beite hardare og stivare plantemateriale enn kyr. Mellom anna kan dei gnage ned sølvbuketuer, og dermed nyttast som "beitepussar" på areal som er dominert av sølvbunke.

Etter rydding er det ein stor fordel om ein kan få eit godt beitepress like i etterkant. Geit og sau eignar seg spesielt bra der lauvoppslag kan bli eit problem. Storfe er generelt betre på å motverke oppslag av problemartar som brennesle og ulike artar innan rosefamilien (mjørdurt, bringebær, bjørnebær, ulike roser inkl. den framande arten rynkerose).

I den grad det er mogleg å gjerde inn dei restaurerte områda, bør ein vurdere dette. På større og friske beite med lite tilsyn (ikkje dagleg) bør ein satse på faste gjerdetypar med stolpar og netting/bord, gjerne straumtråd i tillegg. Der ein har dagleg/hyppig tilsyn kan ein med fordel i tillegg bruke mobile straumgjerde for å fordele beitepresset for best mogleg utteljing. Nærare informasjon om gjerdetypar for ulike dyreslag og kostnader/satsar for gjerding finst m.a. nedlastbart på nettsidene til Norsk Småfeservice.

Dersom ein kan få til gjerding, og området som skal beitast er lite og avgrensa, må ein sjå nøye an dyretal og tidsrom. Både for dyrevelferda og for vegetasjonen sin del. For hard beiting kan gå ut over planter som er spesielt smaklege eller som toler trakk dårleg, eller insekt som er avhengige av visse planter eller strukturar. Alle beitedyr skal elles sjølvstekt ha tilgang på friskt vatn, salt og eventuelt mineraltilskot.

Utsetjing av slikkestein kan også påverke beitemønsteret i eit område. Det er viktig at dette blir gjort i samråd med grunneigarar og ev. andre beiterettshavarar i området.

For meir utfyllande informasjon om skjøtsel, restaurering og hevd, sjå:

Skjøtselsboka for kulturlandskap og gamle norske kulturmarker som finnes på DNS

heimesider: <http://www.dirnat.no/content/1916/>

SPESIELL DEL – Skildring av tilstand og framlegg til tiltak


GRUNNEIGAR:		TILTAKSHAVAR (ANSVAR FOR SKJØTSEL):	VERDI I NATURBASE ¹ :
Liv Kathrine Gulliksen		Styret for Jomfruland nasjonalpark	A (Naturbeitemarka)
DATO UTARBEIDING AV 1.SKJØTSELSPLAN: 02.10.2018		DATO SYNFARING (1.SKJ.PL.): 01.06.2018	
DATO REVIDERING: [dd.mm.åå]		DATO SYNFARING (REVIDERING): [dd.mm.åå]	
KONTAKT MED GRUNNEIGAR/BRUKAR (TELEFON, EPOST, SYNFARING MM):			
Den 1. juni var nasjonalparkforvaltar Morten Johannessen og Viggo Nicolaysen frå nasjonalparkstyret og styret for Utvalde kulturlandskap på Jomfruland og Stråholmen og Ingvill Garnås på synfaring i området. Grunneigar vil få planen til gjennomsyn før ferdigstilling og godkjenning (Føy til ev. attendemeldingar frå grunneigar).			
1.SKJØTSELSPLAN UTFORMA AV : Ingvill Garnås			FIRMA:
REVIDERT UTGÅVE UTFORMA AV : [Namn på skjøtseplanskrivar]			Kulturlandskaps-senteret i Telemark
UTM SONE LOKALITET(ER):	NORD:	AUST:	GNR./BNR.:
32	6 525 715	535 009	29/1
NOVERANDE AREAL PÅ SKJØTSELSPLAN:		DEL AV VERNEOMRÅDE?:	DEL AV UTVALD KULTURLANDSKAP?:
Ca. 21 (A) + ca. 36 (B) dekar		Ja	Ja, Jomfruland-Stråholmen
AREAL (ETTER EV. RESTAURERING):		TYPE VERN:	
Uendra		Nasjonalpark	

Innleiing

Vestre Saltstein ligg på austsida av Jomfruland i Kragerø kommune, ved Tårnbukta og Minervabukta. I bakkant mot vest og nord-vest er det skog. I nord-aust er det open kulturmark på tilgrensande eigedom. I aust og sør opnar det seg mot havet. Berggrunnen er av bandgneis, og over denne ligg eit tynt lag med kalkrik morene. Det er også ein del steinblokker og noko torvjord i austre del av området.

I den vestre delen av området er det rullesteinstrand og strandnært kratt, og i den austre delen er det naturbeitemark som delvis er attgrodd, delvis under restaurering. Det strandnære krattet er viktig å ta vare på mellom anna som leveområde for det rike fuglelivet på øya. Naturbeitemarka har fått A-verdi (særskilt viktig) i samband med kartlegging av biologisk mangfald og oppføring i Naturbase. Denne er det viktig å ta vare på som ein del av det nasjonalt utvalde kulturlandskapet på øya.

¹ Verdisetjing er definert etter DN Håndbok 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2007)



Figur 1. Avgrensning av lokaliteten med to delfelt på Vestre Saltstein. Avgrensingane i skjøtselsplanen tek omsyn til soner (delområde) for strandnært kratt og naturbeitemark i Forvaltningsplan for Jomfruland Nasjonalpark (høyringsframlegg juni 2018). Felt A er hovudsakleg strandnært kratt, Felt B er hovudsakleg naturbeitemark (delvis under restaurering). Overlappande grøn skravur er avgrensing av verdifull naturbeitemark i Naturbase (2011). Austre avgrensing av felt B fylgjer naturleg ein stig gjennom området, og går såleis litt utanom soneinndelinga i Forvaltningsplanen (sjå under).



Figur 2. Avgrensning av soner (delområde) i Forvaltningsplan for Jomfruland Nasjonalpark, der sone 6 er Strandnært kratt og sone 4 eng/naturbeitemark. Utanfor sone 6 er 7, Rullesteinstrand.



Figur 3. Inndeling av gjerdeliner/beiteområde frå Beiteplan for Jomfruland, utarbeida av Norsk Landbruksrådgiving Østafjells i 2017 og gjort gjeldande frå september 2018. Lokaliteten Vestre Saltstein og både delfelta i denne skjøtselsplanen ligg innanfor beiteområde nr. 4. Dei utgjer litt under halvparten av den planlagde avgrensinga av beitet. Eit indre delegerde kan vera aktuelt for å auke beitetrykket i avgrensa periodar.

Omsyn og prioriteringar

Det er viktig at området blir rydda og skjøtta på ein heilskapleg måte, med ein overordna plan. Området er såpass avgrensa at det er mogleg og mest fornuftig å skjøtte det under eitt.

I felt A skal det strandnære krattet prioriterast, og det blir lagt opp til lite manuell rydding. Fjerning av berberis blir eitt av dei viktigaste tiltaka, i tillegg til enkel rydding ved stigar og sitjeplassar i området.

I felt B skal open naturbeitemark vera hovudmålet, og det vil bli ein del manuell rydding og hogst. Det bør for variasjonen sin del stå at noko buskkraut og ung lauvskog, med ein dekningsgrad på ca. 5-10 %. I Beiteplan for Jomfruland er det i dette området tilrådd at ein set att nokre tre for å motverke uttørking og gi betre beitekvalitet. I samband med synfaringa blei det frå oppdragsgjevar si side også uttrykt ynskje om å setja att eit lebelte i felt B, dette for å skjerme dei indre delane av området for vær og vind. Desse omsyna må vegast opp mot at det primært er open naturbeitemark ein ynskjer å få attende, og at resultatet av tiltaka skal vera eit lysope landskap.


Utover dei biologisk retta tiltaka er det viktig å bevare og formidle informasjon om den gamle tangplassen ned mot sjøen i felt A (plassering vist i figur 4). Ferdsla i området bør også kanalisert langs stigar og ved hjelp av sitjeplassar, slik at ein unngår slitasje på terrenget (også ei viktig føring i Forvaltingsplanen). Natur- og kulturverdiar, samt instruksar om ferdsel og bruk, kan best og enklast formidlast ved hjelp av gode og ikkje for prangande informasjonstavler og eventuelt stigmerking (til dømes retningspilar).

I overgangen mellom felt A og B er det tidlegare teke ut stein til bygging (plassering vist i figur 4). Dette steintaket bør jamnast ut slik at det glir meir i eitt med terrenget rundt. Det blir brunne ryddeavfall i dette området, og dette kan ein gjerne legge til rett for i det vidare også. Det er aktuelt å ha ein eigna stad til dette. Alternativet er å frakte ryddeavfallet vekk.

Tradisjonell drift og noverande tilstand

Under synfaringa kunne Viggo Nicolaysen fortelje at det var naturbeite og open sikt mot havet i dette området for rundt 40 år sidan, dvs. rundt 1980. Etterkvart som det blei mindre landbruksdrift og færre beitedyr på øya grodde området sakte att. Etter kvart fekk furua tak, og utsikta forsvann. Området blir til ein viss grad beita i dag, men inngår i eit relativt stort beite der storfe og villsau beiter noko sporadisk. Beitetrykket på den aktuelle lokaliteten ser ut til å vera ganske lågt. Beitebruken på øya per i dag er grundig omtalt i Beiteplan for Jomfruland (2017).

Det er utført nokre ryddetiltak i nordvestre del av området dei seinare åra, dette rett i etterkant av at Jomfruland-Stråholmen blei Utvald kulturlandskap i 2009. Den sørlege delen av dette området er ope og fint (B3), det midtre er halvope med mykje buskas (B4), medan det nordre feltet har relativt tett furuskog med eit einsarta og skuggeprega feltsjikt (B5), sjå figur 5.



Figur 4. Oversikt over området, med inndeling av delfelt, stigar gjennom området, lokalisering av tangplassar og steintak. Steintaket skal attendeførast/jamnast ut. Området er nytta til brennestad for ryddeavfall, og dette bør det leggast til rette for i det vidare også.

Aktuelle erfaringar og observasjonar (lokalkunnskap)

I det midtre feltet, felt B4 (sjå figur 5 s. 13) blei det utført ryddetiltak i perioden 2010-2011. Det blei hogge ned ganske mykje, men hogsten var for omfattande og beitetrykket for lågt til å halde gjenveksten i sjakk. Dette feltet gror difor til dels att på ny. I det søndre feltet, felt B3, blei det utført hogst og rydding i perioden 2016-2017. Dette området blei beitepussa i etterkant. I det nordre feltet, felt B5, er det utført forsiktig tynning i perioden 2015- 2017. Ryddinga er gjort på dugnad på sommars-tid i regi av Utvalde kulturlandskap

Ei av utfordringane med tiltaka har vore å bli kvitt virket etter ryddinga. Noko er brunne, men mykje ved er også blitt liggande att. I tillegg har det vore vanskeleg å få koordinert framdrifta i ryddetiltaka med det aktuelle beitetrykket.



Figur 5. Inndeling av felt B/Naturbeitemarka i tiltaksfelt B1-B5. Felt B1 er allereie relativt ope, med nesten passe dekningsgrad av kratt og buskar. Felt B2 er sett att til lebelte, og skal berre ryddast forsiktig. Felt B3 er nyleg rydda og beitepussa. Felt B4 er rydda for nokre år attende, og i felt B5 er det hogd ein god del i den vestre delen (utanfor nasjonalparken), men det står att tre for å redusere nytt oppslag.

Artsmangfald og eventuelle observerte endringar

Felt A omfattar hovudsakleg buskkratt og rullesteinstrand. Buskkrattet ynskjer ein å halde i sjakk på dagens nivå med tanke på det rike fuglelivet på øya (sjå Mål for lokaliteten).

I dei opne delane av felt B er naturtypa hovudsakleg naturbeitemark, for det meste på frisk, middels baserik eng, med nokre innslag av vekselfuktig baserik eng. I tillegg er det innslag av rik strandeng og låglandsmyr, samt rullesteinstrand. Dette området blei ved naturtypekartlegging i 2011 karakterisert som velutvikla naturbeitemark i hevd. Verdien blei sett til A (særs viktig), med bakgrunn i tilstand og artsinventar;

«Mange rødlistearter av både karplanter og beitemarkssopp, hvorav en EN-art og mange VU-arter. Vurderes som svært viktig (A-verdi). Bukkebeinurt (NT - 2010) forekommer spredt, og på strandeng er det tidligere funnet jordbærkløver (EN) og dverggylden (VU). Knollsoleie (VU) og stjernetistel (NT) er også tidligere registrert i tørrengpartier. Engene er rike på beitemarkssopp, og det er funnet i alt ca 30 arter, bl.a. praktrødskivesopp, melrødskivesopp, brun engvokssopp, rødne luvokssopp, vrangjordtunge og kobbertunge (alle VU)» (Frå Naturbase, registrering frå 2011). EN tyder trua og VU tyder sårbar.

Det er generelt stor variasjon i nærings- og fuktforhold innanfor feltet, med fattige røsslyngdominerte parti, myr med pors, flaskestorr, blåtopp og duskull, tørreng med smalkjempe, hårsveve, engnellik og raudkløver, samt rikare fuktengparti med hjartegras, knortestarr, klourt og villin. Buskkratt av einer og roseartar (mellom anna slåpetorn) førekjem spreidd, og kryp til dels inn frå kantane saman med ung lauv(mest ask)- og furuskog. Gran førekjem også. «Problemarten» rynkerose førekjem strandnært, med eit kjerr på 3x4 m i tillegg til i spreidde buskar. Bekjemping av ein del av rynkerosene starta i 2017 ved bruk av glyfosat, noko som førebels ser lovande ut. Resten av rynkerosene i planområdet er behandla på ettersommaren 2018 (arbeidet blir utført av Langøya gard).

Resten av felt B (dei attgrodde delane) er for det meste ganske einsarta ung furuskog, med unntak av lauvskog/buskkratt i nordaust.

Ved revidering: Kort om eventuelle endringar som har skjedd i sidan sist med omsyn til artsmangfald generelt og eventuelt enkeltartar spesielt. Positive og negative endringar.

Evaluering/vurdering av skjøtselen [for revidering av skj.pl]

OPPSUMMERANDE VURDERING	I HØG GRAD	I MIDDELS GRAD	I LITEN GRAD
Har skjøtselen vore tilfredsstillande for å oppnå måla, jf skjøtselsplanen som no er under revisjon?			
Bør skjøtselen endrast for neste skjøtselsplanperiode (neste 5 år)? [konkrete endringar skildrast meir detaljert under tiltak]			
Er det realistisk at lokaliteten blir halden i hevd dei neste 5 åra?			

Grunngjeving: Sei kort kva som ser ut til å fungere og skisser kva for eventuelle endringstiltak som er naudsynte/moglege.

Mål for lokaliteten

HOVUDMÅL FOR LOKALITETEN(E):

- Felt A: Skjøtte strandnært kratt slik at ein opprettheld ein mangfaldig mosaikk av naturbeitemark, kantsoner og kratt. Sjå elles spesifikke mål frå forvaltingsplanen (under).
- Felt B: Restaurere området attende til open artsrik naturbeitemark gjennom styrt hogst, manuell rydding og beiting. Sjå elles spesifikke mål frå forvaltingsplanen (under).
- Felles overordna målsetjingar:
 - Kanalisere ferdsel på ein slik måte at ein unngår slitasje på naturverdiane.
 - Få fram kulturminnesidene ved området, dvs. tangplass, beitelandskap og steingjerder.
- Spesielle målsetjingar:
 - Setje att eit lebelte for å skjerme for vind i dei indre delane av naturbeitet.
 - Under hogst spare eik, hagtorn, villapal og villkirsebærtre («morell»).
 - Fjerne berberis, sibirertebusk og rynkerose.
 - Attendeføre massetak, kombinert med tilrettelegging for brenning av hogst-/ryddeavfall.

Målsetjingar henta frå Forvaltningsplan for Jomfruland Nasjonalpark (høyringsframlegg juni 2018);

Strandnært kratt (delområde 6 i forvaltingsplanen):

Forvaltningsmål:

- *Delområdet skal ha kratt med dominans av rikt kantkratt med tilhørende artsrik flora og fuglefauna på dagens nivå, samtidig som rike plante- og lavsamfunn bevares. Busker og åpne engflekker skal ikke trues av berberis. Ferdsel og opphold skal ikke gi vesentlige skader på vegetasjonen utenfor stier og tilrettelagte sitteplasser.*

Bevaringsmål:

- *Delområdet skal ha hekkebestand av tornirisk (to par), nattegal (to til tre par), rosenfink (et par) og tornskate (et par).*

Naturbeitemarka (delområde 4 i forvaltingsplanen)

Forvaltningsmål:

- *Delområdet skal være åpen, artsrik natur-beitemark, med sandtørrenger og fuktigere enger. Engene skal være blant de viktigste i Norge for arter knyttet til dette miljøet.*
- *Gjenetablere åpen naturbeitemark i området innenfor Tangbukta*
- *Andre arter skal ikke trues av sibirertebusk.*

Bevaringsmål:

- *Vegetasjonstypen rik lågurteng skal dominere store deler av arealet med gode forekomster av arter som markmalurt, gulmaure, flekkmure, mattesveve, kattedot og nyresildre. Marinøkkel og knollsoleie skal finnes spredt. Artsrike fuktenger og strandenger skal finnes med gode forekomster av arter som hanekam, vill-lin, hjertegras og blåstarr. Rødlisteartene jordbærkløver og bukkebeinurt skal finnes minimum som i 2017. Busker, småtrær og kratt skal forekomme spredt og ikke utgjøre mer enn ti prosent av arealet. I den store enga nord på Øytangen skal dekningsgraden av busk og kratt ikke være større enn en prosent av arealet og steingjerdene i øst skal være frie for busker (unntatt nord for morellunden). Rødlistearter skal bevares (blant annet liguster). Det skal ikke være synlig slitasje på mark og vegetasjon på mer enn ti prosent av arealet tidlig i juni.*

Restaureringstiltak/Eingongstiltak

RESTAURERINGSTILTAK (KORT SKILDRING, REISKAPSBRUK M.M.)	AREAL/ (DEL)OMRÅDE	PRIORITERING (ÅR)	TIDSROM (MND/UKE)
Lett manuell rydding/frisering av strandkratt/skog. Ta ut berberis. Ingen vesentleg reduksjon i omfanget av strandkratt/skog. Kun enkel rydding lang stigar og rundt sitjeplassar. Ryddesag/-soks. Oppsamling og brenning av ryddeavfall på tilrettelagt brennestad eller uttransport.	A, B2	2019	Juli
Lett manuell rydding der dekningsgrad av kratt/buskas etter rydding skal vera ca. 5-10 %. Ryddesag/-soks. Oppsamling og brenning av ryddeavfall på tilrettelagt brennestad eller uttransport.	B1 + B3	2019	Juli
Middels tung manuell rydding. Dekningsgrad av kratt/buskas etter rydding skal vera ca. 5-10 %. Det kan innanfor desse 5-10 % også setjast att einskilde lauvtre, slik det er tilrådd i beiteplanen. Hovudintrykket skal like fullt vera open naturbeitemark, ikkje hagemark. Ryddesag/-soks + litt hogst. Oppsamling og brenning av ryddeavfall på tilrettelagt brennestad. Få ved og virke etter ryddinga ut av området.	B4	2019	Hogst i feb/mars Rydding i juli
Restaureringshogst av felt B5 over tre år. Dekningsgrad av kratt/buskas etter rydding skal vera ca. 5-10 %. Det kan også setjast att einskilde lauvtre, slik det er tilrådd i beiteplanen. Hovudintrykket skal like fullt vera open naturbeitemark, ikkje hagemark. Hogst + noko ryddesarbeid. Få ved og virke etter ryddinga ut av området. Oppsamling og brenning av hogst-/ryddeavfall på tilrettelagt brennestad.	B5	2019-2021	Hogst i feb/mars Rydding i juli
Sjekk/ev. framhald av arbeidet med å fjerne rynkerosekratt, jf. info om dette s14. Glyfosat, ryddesag/-soks, ev. motorsag. Oppsamling og brenning av hogst-/ryddeavfall på tilrettelagt brennestad.	B	2018	Juli
Ta ut berberis og sibirertebusk. Ryddesag/-soks, ev. motorsag. Oppsamling og brenning av hogst-/ryddeavfall på tilrettelagt brennestad.	A+B		Juli
Planlegge beitebruk og ev. kompletterande gjerdetiltak i området (koordinering med Beiteplan for Jomfruland, Volland 2017). Området bør ha eit effektivt beitetrykk i midten av juli og gjerne på haustparten i tillegg.	B	2019	Jan-Mai
Planlegge og utarbeide enkelt temaskilt om tangplassar, naturbeite og strandenger, samt instruks om hensynsfull ferdsel. Ev. stigmerking (må ev. samordnast med andre infotiltak på øya)	A	2019	Jan-Mai
Få opp temaskilt og ev. stigmerke (retningspiler)	A	2019	Juni
Attendeføring av steintak kombinert med tilrettelegging av brenneplass	Sjå figur 4.	2019	Mars- Mai

NB: Restaureringstiltak skal utførast i tråd med Mål for lokaliteten, samt råd i generell del av planen.

Skjøtselstiltak (regelmessige tiltak)

Beiting og beiterelaterte tiltak

	AREAL/ (DEL)OMRÅDE	PRIORITERING (ÅR)	TIDSROM (MND/UKKE)
<p><u>Generell tilråding:</u></p> <p>Beiting midtsommar og haust, intensivt i to eller tre intervall. Sambeiting eller vekselbeiting mellom storfe, sau og ev. hest ville vera gunstig. Sau bør ev. ikkje sleppast på før slutten av juli. Viktig å samkjøre dette med Beiteplan for Jomfruland og aktuelle aktørar på øya.</p> <p><u>Status og utfordringar:</u></p> <p>Storfe og delvis sau har per 2018 beita brukbart i dei opne delane av naturbeitemarka, dvs. B1 og B3. Spesielt havstrandengene ut mot sjøen ser ut til å vera populære i tørre somrar. Desse felta har ein altså greidd å «halde» sjølv om dei inngår i eit stort beiteområde. Spørsmålet no er om ein kunne gjerde inn beitedyr og «presse» dei noko meir i delområda som framleis er under rydding, nærare bestemt B4 (mest krattrydding) og B5 (gradvis uthogging), ev. i samanheng med B2 (lebeltet);</p> <p>Husdyrhaldet på Jomfruland er for tida på veg ned. Storfebesetningane vil bli mindre og det blir kanskje også opphøyr av sauedrift frå 2019 av. Ein må dermed mykje truleg hente inn dyr utanfrå for å få til ei effektiv nedbeiting - både av områda som er i hevd, nyleg restaurert og under restaurering. Dette krev ev. at dyreeigarar må reise for å drive tilsyn.</p> <p>Det mest optimale ville (slik det går fram av generell del) vera ein kombinasjon av storfe og sau (ev. sau på seinsommaren av omsyn til floraen i området). Av praktiske omsyn må ein truleg velje anten storfe eller sau. Kva ville i så fall vera det beste, når ein skal ta omsyn til både dyrevelferd og effekten av skjøtselen?</p> <p>Det er i denne samanheng viktig å sjå skjøtselen i samanheng med nabolokaliteten i nord, der ein av omsyn til floraen har tilrådd storfebeite, ev. i kombinasjon med sauebeite på seinsommaren.</p> <p>Dersom ein vel storfe bør ein gå for å få inn 2-årige kviger. Desse kan sleppast på tidlegare på sommaren, og gå over ein lenger periode, ev. rullere mellom ulike beite på øya. Blir dei litt pressa kan dei også ta lauvoppslag. Storfe er relativt enkle å gjerde for, samanlikna med sau. Er dyra vant til straum kan det halde med enkle mobile 1-tråds straumgjerde (faste</p>	<p>Felt B som del av felt 4 i Beiteplan for Jomfruland</p> <p>Ev. med ekstra beitetrykk på felt B i starten når dyra blir slept over i felt 4 (internt delegjerde rundt felt B)</p>	<p>2019-></p>	

<p>gjerde er kanskje for arbeidsamt med tanke på at dette gjeld restaurering og for ein kort periode).</p> <p>Dersom ein vel sau, bør ein gå for ei tyngre rase som respekterer elektrisk gjerde. Ein har erfaring med at den gamalnorske sauen som har vore på øya til no er for «spretten» og går der den vil. Verar av Norsk kvit sau kan vera eit alternativ. Dei bør ev. av omsyn til floraen ikkje sleppast på før tidlegast i slutten av juli. Sau er generelt meir arbeidskrevjande å gjerde for, da det er trong for nettinggjerde.</p> <p>Ulempa med reint sauebeite og berre for ein kort periode er at det fort kan bli ståande att nokre felt eller flekkar med problemartar (mjødukt, brennesle, bringebær, roseartar) som ein må rydde manuelt. Dersom kyr beiter i området i forkant kan ein moglegvis unngå noko av dette.</p> <p><u>Oppsummering og tilråding:</u></p> <p>Dersom ein skal fylgje Beiteplan for Jomfruland (2017) og tilrådingar frå landbruksrådgjevinga bør ikkje beiteområdet vera mindre enn felt 4. Dette går både på beitemengde og beitekvalitet, samt praktiske omsyn som rullering mellom ulike beite gjennom sesongen, gjerding og tilsyn.</p> <p>Dersom ein likevel finn høve til å gjerde inn felt B som eit eige delfelt i samband med restaureringa, er det beste alternativet - både praktisk og skjøtselsmessig - <i>storfe</i>, og aller helst som nemnt 2-årige kviger. Ein kan ev. lage eit indre delegjerde rundt heile felt B.</p> <p>Det må ev. leggst fram vatn frå eigedomen på nordsida. Dette er eit fordyrande element, men naudsynt om ein skal ha beitedyr i området (pers. med. Knut Volland).</p> <p>Det er ikkje krav til husly/tak når dyr beiter i ut- eller innmark om sommaren.</p>			
--	--	--	--

Manuell rydding

TILTAK (KORT SKILDRING, REISKAPSBRUK M.M.)	AREAL/ (DEL)OMRÅDE	PRIORITERING (ÅR)	TIDSROM (MND/UKE)
Manuell rydding av kratt og oppslag med ryddesag. Oppsamling og brenning på tilrettelagt brennestad. NB: Særskilt fokus på fjerning av berberis, rynkerose og sibirertebusk, sjå https://snl.no/berberis https://snl.no/rynkerose https://snl.no/sibirertebusk	A+B	2020->	Juli

--	--	--	--

Oppfølging av skjøtselsplanen

NESTE REVIDERING/EVALUERING ÅR:

Føreslår 2021 – etter 3 sesongar med tiltak (Dette blir opp til oppdragsgjevar).

BEHOV FOR YTTERLEGARE REGISTRERING AV SPESIFIKKE NATURTYPAR OG/ELLER ARTSGRUPPER:

Det vil vera av interesse å rekartlegge området etter kvart som ein er i hamn med restaureringstiltaka og er over i skjøtselsfase, jf. naturtyperegistrering i 2011 og funn av raudlisteartar.

GJENNOMFØRTE ELLER PÅBYRJA TILTAK SOM ER FINANSIERTE DEI SISTE 5 ÅRA:

Hogst, rydding og beitepussing i felt B3, Hogst og rydding i felt B4, tynningshogst vest i felt B5. Alt i samband med Utvalde kulturlandskap etter at ein fekk denne statusen i 2009. Mykje er gjort på dugnad.

PERSON(-AR)/MILJØ (FIRMA, LAG) SOM HAR ANSVAR FOR Å GJENNOMFØRE TILTAKA I SKJØTSELSPLANEN:

Nasjonalparkstyret.

Foto



Figur 6.

Tårnbukta sett mot sørvest. Overgang frå kratt og rullesteinstrand med tangplassar i felt A til ope naturbeite i felt B.



Figur 7.

Frå kanten av B1, med utsikt over i felt A.



Figur 8.

*Frå stigen ut i felt A.
Foto teke i retning
sørvest.*



Figur 9.

*Strandnært
kratt/lauvskog i felt A.
Dette skal takast vare
på i naturleg tilstand
som viktig
leveområde for
fuglelivet på
Jomfruland. Her skal
det såleis berre
ryddast forsiktig langs
stigar og rundt
sitjeplass(ar). Innslag
av berberis skal
fjernast.*



Figur 10.

Tangplassar ned mot sjøen i felt A. Desse er verneverdige, og historia knytt til dei bør lyftast fram på informasjonsskilt i området. Informasjonstavle kan gjerne setjast der stigen går ut i opelende slik at det ikkje forstyrrar landskapsbiletet.



Figur 11.

I dette området blei det i si tid teke ut stein til bygging. Området bør jamnast til, og det bør leggest til rette for brenning av ryddeavfall her. Dette blir alt praktisert i dag, men det bør lagast ein tydelegare brennestad.



Figur 12.

*Open og velhevda
naturbeitemark i felt
B1.*



Figur 13.

*Open og velhevda
naturbeitemark i felt
B1.*



Figur 14.

Utsikt frå nordlege ende av B2 mot B1 og A. «Villnisset» i dalen innanfor svaberget skal sparast.



Figur 15.

Strandnært kratt/lauvskog i den nordlege enden av B2. I bakgrunnen B5, der det skal opnast opp ved gradvis hogst og rydding..



Figur 16.

*Stigen frå B1 gjennom
B2 til B3.*



Figur 17.

*Stigen frå B3 mot B4
og B5. I dette feltet er
det nyleg rydda og
beitepusa.*



Figur 18.

Frå felt B4. Dette blei rydda i 2011, men ein greidde ikkje å få nok beitetrykk til å motverke gjødseleffekten av ryddinga. Det trengst ein del manuell skjøtsel i etterkant.



Figur 19.

Frå felt B4. Det er positivt at det er sett att nokre få lauvtre, men viktig at hovudinstrykket til slutt blir open naturbeitemark. Prioriter ev. tre med fin krone.



Figur 20.

Frå felt B4 i overgangen mot B5. Det trengst ein del etterrydding.



Figur 21.

Frå felt B5. Her er det byrja på ei gradvis uthogging. Dette er ein god metode, men ved og ryddeavfall må ikkje bli liggjande.




Figur 22.

Frå felt B5. Både ved og ryddevafall må fraktast ut av området etter hogst.



Figur 23.

Frå felt B5. Tett skog av furu og bjørk. Skal opnast gradvis over fleire år (2019-2021).



Figur 24.

Flott steingard i grensa mellom B5 og eiegen Saltstein, der det også er ein skjøtselsplan for naturbeitemark. Truleg vil artssamansetjinga i dei to lokalitetane nærme seg over tid. Det er bl.a. innslag av fleire orkideartar på den andre sida av gjerdet.



Figur 25.

Gjerdet mot Østre Saltstein.

Kjelder

Fylkesmannen i Telemark, 2018. Utkast til forvaltningsplan for Jomfruland nasjonalpark, høringsforslag 2018.

Thylén, A. 2012. Naturtypekartlegging i Kragerø kommune 2011. BioFokus-rapport 2012-15. ISBN 978-82-8209-200-5. Stiftelsen BioFokus.

Volland, Knut 2017. Beiteplan for Jomfruland. Norsk Landbruksrådgivning Østafjells.

Bratli, H. 2010. Naturbeitemark, høyt arts mangfold der natur og kultur møtes. Faktaark for hotspothabitatet naturbeitemark fra ARKO-prosjektet, Nasjonalt program for kartlegging og overvåking av biologisk mangfold. NINA/Skog og landskap.

Svalheim, Ellen 2018. Skjøtselsplan for artsrik naturbeitemark på Saltstein, Jomfruland, Kragerø kommune. NIBIO.


Vedlegg

Oppføring i Naturbase

Vestre Saltstein

ID	BN00093007
Naturtype	Naturbeitemark
Utforming	Fuktig fattigeng beitet
Verdi	Svært viktig
Utvalgt	Nei
Registreringsdato	13.09.2011
Tilstand	-
Modellert	Nei
Gjennomsnittsdyp	-
Forvaltningsplan	Nei
Forvaltningsavtale	Nei
Forvaltningsavtale inngått	-
Forvaltningsavtale utløper	-
Bruk	-
Påvirkningsfaktor	-
Verdibegrunnelse	Velutviklet naturbeitemark, i hevd, på noe baserik grunn samt med innslag av rik strandeng. Innslag av truede vegetasjonstyper. Mange rødlistearter av både karplanter og beitemarkssopp, hvorav en EN-art og mange VU-arter. Vurderes som svært viktig (A-verdi).
Innledning	Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Anders Thylén og Rune Solvang høsten 2011, i forbindelse med naturtypekartlegging på oppdrag for Kragerø kommune. Lokaliteten er i 2006 kartlagt av BioFokus (da Siste Sjanse) sammen med Geir Gaarder og Rune Solvang på ideell basis.
Beliggenhet	Lokaliteten ligger ved Minervabukta og Tårnbukta på østsiden av Jomfruland i Kragerø kommune. Den grenser mot skog i vest og nord, samt mot rullesteinsstrand og svaberg i sør og øst. Berggrunnen, som består av båndgneis, er overdekket av et relativt tynt lag med kalkrik morene. Det er stedvis en god del steinblokker, og noe torvjord finnes også.
Naturtyper	Naturtypen er en naturbeitemark, hovedsakelig bestående av frisk middels baserik eng men med innslag av vekselfuktig baserik eng, strandeng samt noe lavlandsmyr. Noe rullesteinstrand kommer også innenfor lokaliteten. Buskkraut av einer, rose og slåpetorn forekommer spredt, og kryper til dels inn fra kantene sammen med ung løv (mest ask)- og furuskog. Gran forekommer også. Det er stor variasjon i nærings- og fuktforhold, med fattige røsslyngdominerte partier, myr med pors, flaskestarr, blåtopp og duskull, tørreng med smalkjempe, hårsveve, engnellik og rødkløver samt rikere fuktengpartier med hjartegras, knortestarr, klourt og vill-lin.
Artsmangfold	Bukkebeinurt (NT - 2010) forekommer spredt, og på strandeng er det tidligere funnet jordbærkløver (EN) og dverggylden (VU). Knollsoleie (VU) og stjernetistel (NT) er også tidligere registrert i tørrengpartier. Engene er rike på beitemarkssopp, og det er funnet i alt ca 30 arter, bl.a. praktrødskevessopp, melrødskevessopp, brun engvokssopp, rødvinde lutvokssopp, vrangjordtunge og kobbertunge (alle VU).

ID	BN00093007
Påvirkning	Lokaliteten består av ugjødslet naturbeitemark som beites av storfe. Beitetrykket ser ut til å være rimelig godt, men det er likevel en del gjengroing med busk-, løv-, og furukratt, noe som kun beiting uansett ikke vil klare å forhindre. Det er sommeren 2011 gjort en del rydding av skog og kratt nord i området.
Fremmede Arter	Rynkerose forekommer strandnært, med et kjerr på 3X4 m samt spredte enkeltbusker.
Skjøtsel	Beiting må opprettholdes, trolig med dagens beitetrykk. Slått kunne vurderes som alternativ for strandengene. Buskkratt bør ha en dekningsgrad på ca 5-10 %, og det bør derfor gjøres forsiktig rydding av buskkratt og ung løvskog. Det bør lages en samlet forvaltnings/skjøtelsesplan for kulturlandskapet på Jomfruland.
Landskap	I områdene rundt Saltstein finnes flere verdifulle lokaliteter med naturbeitemark og strandeng.
Mangler	-
Totalareal (daa)	30,312
Kommuner	0815 (Kragerø)
Kilder	Navn: Gaarder, Geir / tittel: / År: 2006 Navn: Solvang, R. / tittel: / År: 2006, 2011 Navn: Thylén, Anders / tittel: / År: 2011



Artliste 2018

Ved synfaring 1. juni 2018, blei desse engartane kjapt notert i dei opne delane av lokaliteten;

Blodstorknebb
Blåfjør
Blåklokke
Enghumleblom
Engsmelle
Engsoleie
Engsyre
Engtjæreblom
Fuglevikke
Gåsemure
Hårsveve
Marikåpe sp.
Markjordbær
Nikkesmelle
Prikkperikum
Raudkløver
Ryllik
Smalkjempe
Stjernetistel
Strandnellik
Sveve sp.
Tepperot
Tiriltunge

Tiltakslogg, tiltakshavar sine notater

[Her er det plass for tiltakshavar å føre inn sine egne notatar som gjeld gjennomføring av tiltaka. Ved å ha slike notatar samla, vil det bli lettare å samanstillе erfaringane når planen skal reviderast. Hugs å setja av nok plass/fleire sider for dette.]

AREAL/DELOMRÅDE	TYPE TILTAK	PERIODE	TAL DAGSVERK/ TIMAR	ÅR
		[mnd./ dato/uke]		

Overvaksingslogg, tiltakshavar sine notater

[I enkelte tilfelle kan tiltakshavar ha interesse av/artskunnskap nok til å gjera registreringar på artsnivå. Dette kan være vedifull artsinfo å legge til rette for. Å fylle ut ein slik tabell kan da vera eit overvakingstiltak]

POSISJON/FELT:	ART	DATO	ANTALL INDIVIDER	ÅR